

Radar

2012 nr. 2

Kyrkjeblad for Radøy sokn

28.årgang



Ny søndagsskule i Manger kyrkje!

“Kick-off” 19.august kl 11!

Sjå midtsida for meir informasjon



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Kontor- og telefonid
Måndag til fredag
(sommar mån, tys, tors)
kl 10 til 14

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796
msskauge@radoysokn.no

Organist J. William Kay
915 91 482
jwkay@me.com

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K.Mjøs
456 05 639

Kyrkjetenar Sæbø
Marta G.Hvidsten 909 18 214

Nytt frå dagleg leiar



Sommaren er ei ei travel tid då alt utvendig vedlikehald skal gjerast. Kyrkja har store eigedomar og bygg og dette krev mykje arbeid.

Dette er også ei årstid då mange ferdast på gravplassane. Vi veit at folk set stor pris på at det er velstelt og kyrkjegardsarbeidarane set si ære i å halda det i orden. Vi slår ofte, men det krev ressursar som til tider vert knappe. Etter slåtten kan det liggja gras på plantar og gravminne og vi vonar dei som steller gravene har forståing for at dette kan skje.

Som sikkert mange har sett, har det kome gule lappar på ein del gravminne. Dette er ein del av eit større arbeid med gjennomgang av gravplassane. Vi vil gjerne koma i kontakt med dei som er festar eller er ansvarleg for desse gravene. Årsaka er at vi ikkje har oppført ansvarleg person i våre register. Det kan vera fleire grunnar til at registreringa ikkje er på plass, men alle gravminne skal ha ein festar. Nokre av desse gravene er ikkje stelte og vi vil gjerne at dei som ferdast på gravplassen gjev melding til oss dersom dei veit kven vi kan kontakta. Så langt har vi vore på Manger og Hordabø, men vi vil koma til dei andre etter kvart.

Vi skal også sjå til at alle gravminne står støtt. Det har diverre skjedd ulukker der stein har velta og skada personar. Dette er i utgangspunktet festar sitt ansvar men vi vil ta kontakt dersom vi finn at det må skje ei utbetring. Det går også an å melda frå dersom ein ynskjer at vi skal utføra dette arbeidet.

Rekneskapan for 2011 er no ferdig frå Nordhordland Revisjon og formelt handsama av soknerådet i sist møte. Positivt netto driftsresultat vart kr. 52 824 og overskotet

etter finanstransaksjonar og avsetningar kr. 11 198. Dette er ikkje mykje, men vi er nøgd med at drifta no syner positivt resultat.

Eit stort løft som står for tur er reparasjon av orgelet i Manger kyrkje. Orgelet er no 31 år og treng ei stor oppgradering for å kunna nyttast vidare. Vi arbeider med finansieringa og det vert jobba på fleire frontar der tilskot frå Radøy kommune nok er den viktigaste.

Kyrkjeforeininga på Manger har også gjeve tilsagn om god støtte. Sal av orgelpiper er også ei av inntektskjeldene og hausten 2012 vil det verta mange aktivitetar for å koma i mål. Sjå eigen omtale på side 4.

*Audun Sylta
Dagleg leiar*

Sommar på kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret har redusert opningstid i sommarveke. Frå mandag 25.juni og fram til 17.august er kontoret opent måndag, tysdag og torsdag mellom kl 10 og 14. Dette er det same som opningstida for telefonen.

Når du slår 56349840 i opningstida vil du koma inn i ei telefonkø, dersom ingen kan svare deg med ein gong. Du vil med jamne mellomrom få opplyst kor du er i køen og vil få høve til å verta ringt opp att når vi er ledige.

På våre nettsider (radoysokn.no) finn du meir informasjon om det som skjer i soknet og andre måter du kan kontakta oss på. Dersom du bruker Twitter kan du fylgje oss (vårt brukarnamn er @radoysokn) og få tilsendt oppdatert informasjon om gudstenester og andre aktivitetar. Du kan òg "tvitre" til oss dersom du ynskjer kontakt! Du kan òg "Like" radoysokn på Facebook.

Konfirmasjonar 2013

Laurdag 4.mai Sæbø
Sundag 5.mai
Emigrantkyrkja
Laurdag 11.mai Hordabø
Sundag 12.mai Manger

Det er diverre ikkje mogleg for oss å oppgje datoar meir enn eitt år fram i tid.

Informasjon om elektronisk påmelding vert sendt ut til neste års konfirmantar tidleg i august. Vi sender berre informasjon til dei som er medlem i Den norske kyrkja.



facebook.com/
radoysokn



twitter.com/
radoysokn

Trekningsliste orgelbasar

Gullsmykke
Astrid & Yngve Mellingen
Halvtimes orgelkonsert
Karl Kolstad
Tre retters middag
Sindre Visnes
**Intimkonsert m/Radøy
damekor**
Roald Erstad
**Fisketur m/prest og
kyrkjeverje**
Anders Kolstad
Bilvask m/polering
Laila Stordal
Duk og serviettar
Margun Taule
Speil
Liv & Reidar Mjøs
Gynghehest
Solbjørg Amundsen
Bilete
Vigdis & Trond Thomassen
Bilete
Siri Rognaldsen
Bilete
Aletta Hagesæter

Orgelvøla i Manger kyrkje



Torsdag 21. juni var ein svært god dag for orgelprosjektet i Manger kyrkje.

Samstundes som soknerådet hadde basar til inntekt for orgelet gjorde kommunestyret vedtak om å løyva kr. 400 000 til prosjektet. Kyrkje-foreininga på Manger har også gjeve tilsagn om kr. 40 000.

Vi er ikkje heilt i mål med finansieringa men tilskotet frå Radøy kommune gjer at vi vil inngå kontrakt om å få utført arbeidet. På orgelbasaren kom det inn kr 19 517 frå åresal og kr 54 356 frå loddsal.

Når alle gode krefter arbeider i lag vert det mogeleg å realisera den store opprustinga av orgelet. Vi tenkjer oss ein orgelhaust for å få finansiert resten av prosjektet. Vi har allereie 'seld' ein del orgelpiper men vil koma sterkare tilbake med dette til hausten.

*Audun Sylta
Dagleg leiar*

“Me veit eit lite damekor på Radøy”


Så har endå ein sesong vorte avslutta i Radøy damekor. Koret øver i Manger kyrkje kvar torsdag kl. 1930 og har 20 medlemmer. Koret ynskjer fleire trufaste medlemmer som liker å syngja. Kom gjerne å bli med oss. Me startar opp igjen den 8. august 2012.

Denne våren har koret arrangert Korcafé. Slik namnet lyder er dette song av ulike kor med mat attåt. Ca. 200 koristar fordelt på 9 kor var samla i Manger kyrkje 8.mars. Damekoret fekk òg syngja blandakor med Hjelmås mannskor. Dette er alltid like kjekt og inspirerande. Å ha eit heilt mannskor i ryggen må berre opplevast. Me gjentok suksessen ved å halda konsert saman i høve sesongopninga på Utvandrings-senteret som var den 13. mai.

Elles har me sunge på Klangen av Radøy som vart avvikla den 22.april. Det var kjekt å bli kompa av Radøy Brass. Ei stor takk til William som i seine kveldstimar arrangerte “Solitaire” for damekoret, og til Torstein Aagard-Nilsen som arrangerte “Fly me to the moon” for korps.

Me fekk høve til å nytta “Fly me to the moon” ein gong til i vår. Dette var på sommarkonserten 10.juni saman med Scala, eit korps som øver på Frekhaug. Elles kom det inn ca. 1500 kroner i kollekt på sommarkonserten. Desse pengane vil koret gje til oppussinga av orgelet.

Koret hadde òg i år konsert på Velferdssenteret i forkant av sommarkonserten. Dette er alltid like kjekt og me vert alltid like godt mottatt.



Orgelbasar
Radøy kommune
Loddsal
Pipefadder
Kyrkjeforeininga
Ufinansiert

Det er kome ynskje om at me må ha konsert på Velferdssenteret i adventstida og. Dette får me kome tilbake til.

I år hadde koret avslutningsfest på Radøystova. Me hadde ei koseleg stund. Maten var fortreffelig og nokre kormedlemmer hadde stelt i stand ulike aktivitetar. Dei som vann "Beat for Beat" fekk i oppdrag å skrive ein song om damekoret på tonen "Eg veit ei lita jente." Slik vart den:



*Me veit eit lite damekor, me kjenner det så vel.
Me veit eit lite damekor på Radøy.
Med brillestyrke ein og to, med høge og med låge sko.
Me veit eit lite damekor på Radøy.*

*Kvar torsdagskveld så over me i storekyrkja vår.
Kvar torsdagskveld så over me på songar.
Med oppstilling i hytt og ver, med svarte og med lilla kler.
Me veit eit lite damekor på Radøy.*

I haust tek dirigenten vår Jūratė Norkuvienė oss med til heimlandet sitt, Litauen. Bli med du òg då vel.

*Elin Irene Klausen
Leiar i Radøy damekor*

*Damekoret sin CD,
"Dråpar", kan kjøpast på
kyrkjekontoret,
sørvistorget og YX Manger.
Pris kr 150.*



Nytt frå soknerådet

Soknerådet møter som regel ein gong i månaden. Viktige saker hittil i år har vore Bispevisitasen i januar, innføring av ny dåpsliturgi og ulike aspekt ved den nye gudstenesteordninga.



Påske i éi kyrkje

Soknerådet vedtok i 2010 at alle påskekudstenestene i soknet skulle samlast i éi kyrkje, og at ordninga skulle evaluerast etter 3 år. Det har vore svært god oppslutning på påskekudstenestene, og soknerådet har no gått inn for å vidareføre denne ordninga.

Vi minnest dei døde...

I samband med gudstenestereforma har soknerådet vedteke å endra på korleis vi minnest dei som det er halde gravferd for. Tidlegare las ein opp namna på dei som var gått bort i den kyrkja gravferda vart halde i, på kunnngjeringsplassen. I den nye liturgien vert dette gjort som ein del av forbøna. Den tidlegare praksisen var spesielt utfordrande på Sletta, der det kunne gå fleire månadar mellom kvar gudsteneste. Det kom også innspel frå pårørande at det ville vera meir naturleg å minnest den som er gått bort i første gudstenesta etter gravferda, noko som kan vera viktig for sorgprosessen. På bakgrunn av dette har soknerådet avgjort at ein kvar søndag "les opp namna på alle i soknet som det har vore halde gravferd for sidan sist gudstenesta."



Ny søndagsskule og gudstenesteplan

Til hausten har soknerådet gått inn for ei ny satsing på søndagsskule. For å få til dette vert gudstenestemønsteret i soknet endra slik at det vert gudsteneste kvar 14. dag i Manger kyrkje – med søndagsskule. Det vert éi gudsteneste i månaden i dei to andre soknekyrkjene. Les meir om søndagsskulesatsinga på midtsida – og velkomen!



Ludvig Grindheim
Leiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



Marta Grønstad Hvidsten
Gudstenesteutvalet
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Gudrun Rikstad
Nestleiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Vararep. gudstenesteutvalet



Britt Sissel Kvamme
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Elin Klausen
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Manger



Kenth Remy Nesbø
Offerkomiteen



Simon Grandahl
Gudstenesteutvalet
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Silje Kristin Ellingsen
Offerkomiteen

Vi startar søndagsskule!


Frå hausten startar vi opp med søndagsskule på Radøy. Samlingane vert i kyrkjestova på Manger i tilknytning til gudstenestene, men er for born frå alle delar av øya! På søndagsskulen vil du få høyre historier frå Bibelen, synge, leike og drive med kjekke aktivitetar saman med andre.

Synst du det er lenge å vente heilt til hausten? Då kan du stikke innom nettsprell på www.sondagsskole.no og finne kjekke aktivitetar der.

Velkomen på søndagsskule!



5 fokus



Søndagsskole

19.august
2.september
16.september
30.september
21.oktober
18.november

Er du vaksen og har lyst å gå på søndagsskule?

Vi treng vaksne, foreldre eller andre, som har lyst til å vere med på søndagsskule. Kanskje er du god å fortelje? Likar du formingsaktivitetar? Syng eller spelar du? Kan du vere med på praktisk tilrettelegging? Vi treng folk til alle desse tinga, og mest av alt treng vi de som har lyst til at de skal finst søndagsskule på Radøy og kjem saman med borna dykkar. Snakk med nabofamilien og kom saman på søndagsskule!

Har du lyst å vere med?

SPRELL LEVENDE

Saman om gudstenesta



- Den norske kyrkja innfører ny ordning for hovudgudsteneste frå 2011
- Den nye ordninga opnar for større breidde og variasjon i den lokale gudstenesta
- Fleire skal vere med og prege gudstenestelivet i kyrkjelyden



Gudstenesta i endring

Soknemøte om lokal grunnordning vert halde i Manger kyrkje onsdag 22.august kl 19.

I førre nummer av Radar sto det ei statusoppdatering frå utvalet som jobbar med framlegg til lokal grunnordning for gudstenestelivet hjå oss.

Utvalet sitt framlegg er no ferdig og har vorte handsama ein gong av soknerådet. Neste steg i godkjeningsprosessen er soknemøte den 22.august kl 19 i Manger kyrkje. Soknemøtet skal ikkje gjere noko vedtak, men kan koma med innspel og tilbakemeldingar.

Soknerådet skal handsama grunnordninga for andre gong, samt innspel frå soknemøtet, den 29.august. Saka går deretter til biskopen, via prosten, for endeleg godkjenning.

På soknemøtet vil vi gå gjennom ei heil gudsteneste del for del, og forklare kvifor vi har gått inn for dei løysingene vi har gjort. Gudstenesta har fem delar (Samling, Ordet, Forbøn, Nattverd og Sending) og det finst fleire alternativ innanfor desse hovuddelane.

Du kan lesa heile framlegget til lokal grunnordning på våre nettsider, radoysokn.no Vi har òg utarbeidd eit liturgihefte for utdeling til kyrkjelyden som du òg kan lesa på nettet. Vi vil gjerne ha tilbakemeldingar om heftet!

Vi gjengjev nokre punkt frå den lokale grunnordninga her:

- **“Fall til ro”.** 15 minuttar før kvar gudsteneste skal det vera mest mogleg ro i kyrkjerommet for å gje plass til ettertanke, stille bøn og lystenning. Ein treng ikkje vera heilt stille, men mange set pris på ei stille stund framfor Gud før gudstenesta tek til.
- **Informasjon i byrjinga i gudstenesta** etterfulgt av 3 bøneslag. Her vert det sagt litt om dagens gudsteneste før vi samlar oss i stille bøn/ettertanke før inngangsprosesjonen.

- **Inngangsprosesjon med kors.** Det skal vera inngangsprosesjon med kors i kvar gudsteneste. Det er ikkje dei som går i prosesjon som er viktige, men korset som symbol. Vi vil også prøve ut ulike formar for **utgangsprosesjon** i tida som kjem.
- **Truvedkjenninga** har fast plass etter preika, med mindre det er dåp. Vi kjem til å bruka både Nikenum (Vi trur på éin Gud) og Apostolikum (Eg trur på Gud Fader).
- **Herrens bøn.** “Vår Far” vert brukt fast i alle gudstenester. Det ligg no føre fleire musikkalternativ til den nye teksten, mellom anna ein oppdatert versjon av den “gamle” melodien. Soknerådet opnar for at Herrens bøn kan syngjast m.a. på høgtidsdagar.
- **Under inngangs- og utgangssalmane** står vi medan vi syng.

Universell utforming er ein viktig del av det nye gudstenestelivet i soknet. Radøy har 3 kyrkjebygg frå ei tid då tilgjenge for alle var eit ukjent prinsipp. Diskrimineringslova og plan- og bygningslova stiller krav til oss når det gjeld korleis vi bruker kyrkjene til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Dette gjer at ein av og til må finne nye måter å gjere ting på, slik at alle vert inkludert på lik linje i gudstenestefeiringa.

- **Takkofferet** vert samla inn i benkane under salmen før nattverd (når ein feirar nattverd). I gudstenester utan nattverd vert det satt fram ei korg eller offerpose i nærleiken av døypefonten der kyrkjelyden offerer.
- **Gudstenesteprogram** vert trykt både i A5- og A4-format (med stor skrift). **Presentasjonar** på lerret skal ha god kontrast, og ryddig utforming med stor skrift.

Korpartia i Sæbø og Hordabø kyrkjer er ikkje tilgjengelege for rullestolbrukarar. Dette er noko soknerådet må forsøkja å løyse i løpet av funksjonstida for den nye grunnordninga (2 år).

Vel møtt til soknemøte den 22.august der vi kjem til å gå gjennom heile den lokale grunnordninga. Dette er din sjanse til å koma med innspel om korleis gudstenestefeiringa hjå oss skal vera.

*William Kay
leiar i gudstenesteutvalet*

“3 kjappe på kyrkjetrappa”



Kyrkjetenar Sølvi tok ein prat på kyrkjetrappa med Christel Villanger Håland, søndag 17. juni:

Kvifor er du til gudsteneste og kva synst du om stunda i kyrkja i dag? Gudstenesta var flott, som alltid, men det var stort og spesielt i dag sidan eg fekk bære nevøen min Andreas til dåpen

Har du ein salme du likar ekstra godt?

Eg er veldig glad i salmar og det er vanskeleg å nemna berre éin, men “Deg å få skode” er blant favorittane.

Sei at du no fekk ein stor blomebukett i hende som du kunne gje til nokon, kven skulle det då ha vore?

Å, den kunne eg delt til så mangen..men visst det var her og no ville eg i dag ha gitt den til Maren Hole. Ho er ei utruleg flott dame og når eg såg ho i dag kom det fram så veldig mange gode minner.

Takk for praten, Christel! Lukke til med dåpsfeiringa og velkomen tilbake til kyrkja.

På kyrkjetrappa var Sølvi Helen.

Ny kyrkjegardsbil

Radar gratulerar kyrkjegardsarbeidarane med ny bil! Bilen har RK-skilt (“Radøy kyrkjelyd”) og designelement frå kyrkja sin grafiske profil. Kjør pent!



Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS
815 33 300
www.kirkens-sos.no



Bli pipefadder!




Bli pipefadder
og støtt orgelet i
Manger kyrkje!

Sjå radoysokn.no

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
04.03 2.sundag i fastetida	Kirkens ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep	1698,50
11.03 3.sundag i fastetida	Kristent interkulturelt arbeid	2125,50
18.03 4.sundag i fastetida	Changemaker	2618,50
25.03 Maria bodskapsdag	Amathea	1633,00
01.04 Palmesundag	Trusopplæring i Radøy	3030,50
05.04 Skjærtorsdag	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	2264,00
08.04 1.påskedag	Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet	4612,50
15.04 2.sundag i påsketida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	2090,00
22.04 3.sundag i påsketida	Misjonshøgskolen i Stavanger	1971,00
29.04 4.sundag i påsketida	KFUK–KFUM Global	1700,00
05.05 laurdag, konfirmasjon	Trusopplæring i Radøy	6415,00
06.05 5.sundag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	4330,83
12.05 laurdag, konfirmasjon	Trusopplæring i Radøy	1561,00
12.05 laurdag, konfirmasjon	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	2371,00
13.05 6.sundag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	2482,00
17.05 nasjonaldagen	Kirkens nødhjelp, 3 offer	9106,00
17.05 nasjonaldagen	Crihana Veche–aksjonen	2925,50
20.05 sundag før pinse	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	1356,00
27.05 Pinsedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	3310,00
28.05 2.pinsedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	2390,00
03.06 Treeiningssundag	Misjon uten grenser	1060,00
10.06 2.s.i treeiningstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	2027,00
17.06 3.s.i treeiningstida	Orgelprosjektet i Manger kyrkje	5213,00
24.06 4.s.i treeiningstida	Barnekorarbeidet i Radøy	755,00
01.07 5.s.i treeiningstida	Vestnorsk utvandringssenter	3434,00

	Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	8081,00	8081,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0–18 år):	17819,33	20660,33
Offer til orgelprosjektet	5213,00	5213,00
Offer til andre organisasjonar:	40611,50	106271,50



Familiennytt

Døpte



25.03.2012 Magnus Støldal
01.04.2012 Sara Marie Mjåseth
01.04.2012 Simen Ervik Vangen
01.04.2012 Jonas Ervik Vangen
15.04.2012 Mali Angelica Bendiksen
15.04.2012 Martin Hagen Nilsen
15.04.2012 Leander Skjelvik Helland
15.04.2012 Adrian Haukanes Rikstad
29.04.2012 Ylva Nordanger
27.05.2012 Henrik Lunde
03.06.2012 Mia Celine Ryland Brakstad
03.06.2012 Amalie Helle Kopperdal
10.06.2012 Jarand Lilletvedt Nydegger
17.06.2012 Andreas Villanger Grindheim
17.06.2012 Sofie Myksvoll
17.06.2012 Helene Seilfaldet

Vigde

26.05.2012 Renate Bergås Pletten
og Tor Erik Kolstad Skråmestø

16.06.2012 Cathrine Taule
og Hugo Frantzen
23.06.2012 Ina Susanne Kartveit
og Håkon Fyllingsnes
30.06.2012 Lisa Taule Hella
og Joakim Wilmann Ulvatn
30.06.2012 Monica Blommedal
og Jan Inge Uthaug

Døde



13.03.2012 Mikal Nødtvedt
20.03.2012 Hillbjørg Ragna Røiset
27.03.2012 Kjell Bjørke
29.03.2012 Magnhild Jorund Toft
30.03.2012 Elin Kolstad
03.04.2012 Kari Gundersen
03.04.2012 Monrad Undal
13.04.2012 Gunnvard Hole
13.04.2012 Kirsten Helland
17.04.2012 Julia Malena Erstad
26.04.2012 Herborg Rath
04.05.2012 Oddny Anbjørg Ystebø Nøttveit
04.05.2012 Reidar Haugland
08.05.2012 Mikal Helland
26.06.2012 Arthur Gjerde

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**
Vi ordner alt vedrørende
dødsfall i distrikt og by.
DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no

HENRY RATH
AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR
5939 SLETTA
Tlf 56 37 21 08 970 94 785
Henry@Rath.no 56 37 11 95

**MTI
IT SERVICE**

Vatne Begravelsesbyrå AS
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
Tlf 56 35 16 61 - Kontor

BUNNPRIS
Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

**RISNES
ELEKTRO AS**
Elinstallatør - Lampebutikk

SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser
Manger Senter
09-22 (20) 5637 2255

**MANGER
GRAVMONUMENT**
5936 Manger • Tlf. 452 71 563
Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no

**Frantzen's
Gartneri**
BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

**Credex
ØKONOMI AS**
Manger Senter
Postboks 5 – 5931 Manger

**Geir Kvalheim
Glasservice**
5936 Manger – 56 37 03 71
Alt i glass, dører og vinduer

KVALHEIM VVS
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
Postboks 1 - 5931 MANGER
Tlf 5637 4073 / kval.vvs@frisurf.no
Måndag - fredag 0900-1630
Laurdag 1000-1400

FISKENETT
MANGER
5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

Rune Ulvatn AS
ENTREPRENØR
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

søndag 8. juli	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Offer til Nordhordland Indremisjon.
søndag 15. juli	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Offer til Misjonsalliansen.
søndag 29. juli	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Offer til Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter.
søndag 5. august	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Offer til Orgelprosjektet Manger kyrkje.
søndag 12. august	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Offer til Den Norske Israelsmisjonen.
søndag 19. august	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. "Kick-off" for ny søndagsskule. Offer til Laget.
søndag 26. august	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmantjubileum. Offer til Trusopplæring i Radøy.
søndag 2. september	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Offer til Orgelprosjektet Manger kyrkje.
søndag 9. september	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Offer til Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy.
søndag 16. september	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Offer til IKO.
søndag 23. september	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Offer til Trusopplæring i Radøy.
søndag 23. september	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Offer til Trusopplæring i Radøy.
søndag 30. september	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. NLA tek del. Offer til NLA.
søndag 7. oktober	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Offer til Misjonshøgskolen i Stavanger.

"...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja, men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje."

Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.
Gå til radoysokn.no eller følg oss på Twitter: [@radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

**Neste nummer av Radar kjem ut i september 2012 (veke 39).
Frist for innsending av artiklar/bilete er 3.september 2012.**

Redaksjon: J. William Kay, Audun Sylta, Elin Klausen • Bilete: Marta Grønstad Hvidsten, Elin Klausen, Sølvi Helen K.Mjøse
Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no
Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

